NR. 1 FEBRUAR 2006 33. ÅRGANG

# Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



KRIK-samling på Toftøy skule.
Sjå siste side.
Foto: Leif Gunnar Vik

## I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Lærenemnd til besvær ........ side 2
Vinterhelsing frå Baku i Aserbajdsjan ........ side 4
Interessert i lyd- og musikkopplæring? ........ side 5
Barneside ........ side 6
Samarbeid kyrkje - misjon ........ side 9

SOKNEPRESTEN HAR ORDET

# Lærenemnd til besvær



Som kjent la Den norske kirkes lærenemnd fram sin uttalelse om et viktig felt i kristen etikk den 20.januar (http://www.kirken.no/larenemnd/laeren06/index.html.)

Ikke bare er Lærenemnda delt på midten i saken, men for første gang er det nå et flertall i bispekollegiet som aksepterer homofilt seksuelt samliv.

De to syn kan dessverre ikke forenes. Jeg mener det er prisverdig at bispemøtets mindretall har holdt flagget oppe når det gjelder bibelforståelsen. Men pussig nok slår en samlet Lærenemnd fast at uenighet i synet på dette spørsmål ikke nødvendigvis skjuler eller forvrenger kjernen i evangeliet.

Det er selvsagt viktig å vise den dypeste respekt og kristen omsorg der valg er tatt som en selv ikke kan stå inne for. Gud **"… vil at alle mennesker skal bli frelst og lære sannheten å kjenne."(1. Tim.2,4)**

*Men jeg vil i denne sammenheng understreke:*

- Lærenemnduttalelsen er dessverre klart kirkesplittende innad i Dnk, og vil nok også føre til store økumeniske forviklinger. De fleste ser nok at det er et tidsspørsmål før staten har utnevnt tilhengere av det nye synet også på mindretallsbiskopenes poster. Og disse blir svar skyldig når det gjelder hvem som skal bli deres etterfølgere.

- Den "to syns"-kirken som det nå fra visse hold tydelig legges opp til vil føre til mye sorg på begge sider i striden. Det er en bedre strategi at begge parter får gå hver til sitt uten at en kunstig enhetstekning binder opp samvittighetene. Det vil bli smertefullt, men også være en skvær måte å gjøre det på. Skjer ikke dette vil kirken smuldre ytterligere opp, og bli uinteressant både for bekjennende kristne og for folk flest.

- Så forskjellig skriftforståelse som vi ser i denne saken må føre til to kirker. Skal vi være kristne må vi ha en sann kirke å "lene oss til."Jeg ser derfor for meg en opprettelse av et alternativt kirkelig rom, et nytt landsdekkende bispedømme for oss som vil holde på klassisk kristen tro og etikk. Her vil jeg vise til mindretalls-uttalelsen i forrige runde i denne saken- Lærenemnda 2000- som nettopp på kirkerettslig vis tar til orde for dette, se www.skg.no/tbsaken.htm

Om en holder sammen den særuttalelsen med de følgende formuleringene fra en samlet Lærenemnd 2006 i siste avsnitt i Kap.4: Oppsummering, kan fortsettelsen faktisk tross alt bli konstruktiv: *"Den uenighet om skriftforståelse og skriftbruk som...kommer til uttrykk, skal ikke bagatelliseres. Den behøver ikke nødvendigvis å føre til kirkesplittelse i den betydning at en ikke lenger kan ha gudstjenestefellesskap. På den annen side kan en ikke utelukke at det kan komme til å skje."*

sokneprest@kyrkja.net

## Oppretting av gravminne

Vi har registrert at ein del gravminne bør rettast opp. Denne opprettinga kan utførast av dei tilsette kyrkjegardsarbeidarane. For meir krevjande oppretting kan vi formidla kontakt vidare til steinleverandør.
Det er ønskeleg at dei pårørande tek kontakt med kyrkjekontoret for nærare avtale på tlf. 5638 2240. Prisen for arbeidet vil bli fakturert etter medgått tid, vanlegvis mellom 400 og 700 kr.

## Brønnaksjon for Mali

Takk til alle som tok del i denne innsamlinga som til saman gav kr 29.500 til dette prosjektet.
Pengane er sendt Normisjon som formidlar dei vidare. ØyNytt hadde ein reportasje om dette i eit tidlegare nummer i 2005.


## Den norske kyrkja i Øygarden

**ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden**

| | |
|---|---|
| Utgjevar: | Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar |
| Redaktør: | Odd N. Thormodsæter |
| Kontingent: | Min. kr 100,- pr. år innan kommunen<br>Min. kr 150,- pr. år utanom kommunen |
| Takkeannonsar: | kr 100,- |
| Kontonr.: | 3628 07 02557 |
| Layout/trykk: | Grafisk Team AS |
| Distribusjon: | Hurtiglevering, Tjeldstø<br>tlf. 98 66 53 29 |

**Kyrkjekontoret:**

| | |
|---|---|
| Vitjingsadresse: | Helse- og tenestesenteret, Rong |
| Postadresse: | Boks 144, 5331 Rong |
| Telefon: | 56 38 22 40 |
| Faks: | 56 38 22 41 |
| Vakttelefon: | 56 38 22 44 |
| E-post: | kontor@kyrkja.net |
| **Internettsider:** | **kyrkja.net** |
| Opningstid: | måndag – fredag 0900 – 1500 |

**Tilsette:**

| | |
|---|---|
| **Kontorsekretær** | Kari Sandøy Rong |
| e-post: | kontor@kyrkja.net<br>tlf. 56 38 22 40 |
| **Kyrkjelydspedagog** | Rannveig Vestbøstad Vik |
| e-post: | kyrkjelydspedagog@kyrkja.net<br>tlf. 56 38 22 47 |
| **Kantor** | Anne Lise Grøm - permisjon |
| **Organistvikar** | Torgeir Landro |
| e-post: | torgeirlandro@hotmail.com |
| **Sokneprest** | Svenn Martinsen |
| e-post: | sokneprest@kyrkja.net<br>tlf. 56 38 22 44 |
| **Kyrkjeverje** | Odd N. Thormodsæter |
| e-post: | kyrkjeverje@kyrkja.net<br>tlf. 56 38 22 43 |

**Kyrkjene:**

| | |
|---|---|
| **Blomvåg kyrkje** | tlf. 56 38 70 22 |
| e-post: | blomvag.kyrkje@kyrkja.net |
| Kyrkjetenar/gravar: | Kåre Kristoffersen<br>Mobil 97 72 72 21 |
| Klokkar: | Ole Vik |
| **Hjelme kyrkje** | tlf 56 38 80 30 |
| e-post: | hjelme.kyrkje@kyrkja.net |
| Kyrkjetenar/gravar: | Kari B. Solheimslid<br>Mobil 9772 74 57 |

**Råda:**

| | |
|---|---|
| Blomvåg sokneråd: | Leiar: Bente H. Guntveit |
| Hjelme sokneråd: | Leiar: Atle Dåvøy |
| Øygarden kyrkjelege fellesråd: | Leiar: Gustav Landro |
| **Teamet 05/06:** | tlf 45 27 67 35 |
| **Barnearbeidar:** | Kari Skår tlf. 56 38 22 46 |


***Frist for stoff til nr. 2/06 er 13. mars***
***Til abonnent 30. mars***

## ANDAKT



***Nokre gongar er det små ting, andre gongar er det store og alvorlege hendingar som gjer at eg ropar. Ropar om hjelp. Høgast er ropet inni meg, det som ikkje kan høyrast av menneske. Når eg er langt nede, er det Gud eg ropar på. Men svarar han? Vert det ei løysing slik eg ønskjer meg? Nokre gongar er Gud så nær, så nær. Andre gongar er det som om han er langt langt borte, og mørkret synast å stengje for all gleda og all meining.***

Av Rannveig Vestbøstad Vik

Visste du at langt dei fleste salmane i Bibelen er klagesalmar? Klagar frå eit menneske som ropar om hjelp, som klagar over liding og naud og mørkret, som har spørsmål og ikkje finn svara. For det er ikkje berre solskin i Bibelen heller. Heller ikkje to strekar under dei rette svara. Treng du ord til klaga di eller spørsmåla dine; kan det vere godt å leite opp i Salmane. Her finn du kan hende ord som du kan gjere til dine. I Salme 13 ropar David ut:

> *Kor lenge, Herre? Vil du gløyma meg for alltid? Kor lenge vil du løyna ditt åsyn for meg? Kor lenge skal eg har uro i hugen og heile dagen ha sorg i hjarta?(...)Sjå hit og svar meg, Herre, min Gud! Lat augo mine få att glansen, så eg ikkje sovnar inn i døden.*

David erfarte at Gud gong etter gong drog han *"opp or den djupe gjørma"* og sette føtene hans på fjell(Salme 40). Han hadde ei trygg tillit til at Gud var hans hjelpar. Det kunne gå lang tid utan at David såg eller høyrde svara frå Gud. Likevel fekk han styrkje til å tru at Gud var med han, óg gjennom natt og mørke. Du skal få tru at dette gjeld deg óg. Det har Gud sjølv lova i sitt Ord: *I det høge og heilage bur eg og hjå den som er knust og nedbøygd i ånda.*
Fortsetjinga gjev og løfte om håp for det som kjennest håplaust: *Eg vekkjer ånda til liv hjå dei bøygde og hjarta til liv hjå dei knuste*(Jes.57.15).

### Konsert med Lisa Børud

Jubelkoret skal fredag 24. mars arrangere konsert med Lisa Børud. Lisa har i ein alder av 9 år allereie spelt inn 4 CDèr pluss ein DVD, og halde mange konsertar rundt om i heile landet.
Jubelkoret vil og ta del på nokre av songane som blir framført denne kvelden. Dette vert ei stor hending for medlemmane våre, og me gler oss svært til dette.
Sett av fredag 24. mars kl.18.00 og ta med heile familien!
PS! Sjå etter plakatar.

## MIN SALME



Av Elisabeth G. Sanden

I 1997 var eg ni månader i Aserbajdsjan for å passe norske misjonærborn. Det var eit lærerikt og utfordrande år. Kvardagen var travel med ansvar for fem born under seks år. På veg heim frå jobb kunne eg på klåre dagar glede meg over synet av Kaukasus-fjella, og eg nynna ofte på denne songen med orda frå Salme 121: "Mi hjelp kjem frå Herren!" Eg fann oppmuntring og styrkje i desse orda. Det var ei meining med at eg var der eg var, i teneste for Gud.

*Jeg løfter mine øyne opp til fjellene, hvor skal min hjelp komme fra?*
*Min hjelp kommer ifra Herren, himmelens og jordens skaper.*
*Han skal ingenlunde la din fot vakle, din vokter skal ingenlunde slumre,*
*se, han slumrer ikke og sover ikke, Israels vokter.*
*Herren er din vokter, Herren er din skygge ved din høyre hånd.*
*Solen skal ikke stikke deg om dagen, ei heller månen om natten.*
*Herren skal bevare deg fra alt ondt, han skal bevare din sjel.*
*Herren skal bevare din utgang og din inngang*
*Fra nå av og til evig tid. Amen! Fra nå av og til evig tid.*
*La-la-la-la, la-la-la-la, la-la-la-la…………*

Denne salmen fekk vi også med oss frå Turid Amenya i misjonærinnviinga. Ho fortalte frå eiga erfaring om fleire slags fjell, og oppfordra oss til å lyfte blikket å sjå på Gud som er mykje større enn alt anna.

No er eg og familien i Paris for å lære fransk. Her er det ingen fjell å sjå, men det hender at vanskar i språket tårnar seg opp framfor meg. Det er mykje grammatikk å halde styr på, og orda uttalast heilt annleis enn dei vert skrivne. No forstår eg det meste av det folk seier, men det er ikkje like lett å snakke sjølv. Då er det godt å vite at eg kan lyfte augo opp mot desse "fjella" også. Gud er med oss! Eg er her fordi Gud vil bruke meg i si teneste i Mali. Om eg fokuserer på Gud vert problema mine små. Sjølv om eg vil møte hindringar undervegs er eg viss på at Han vil vakta meg og styrkje meg til det som kjem.

*Eg sender utfordringa vidare til Aserbajdsjan og Arne Johan Sæle som er misjonær der.*

# Vinterhelsing frå familien Sæle i Baku, Aserbajdsjan

Det har vore kvitt i hagen vår i ei veke no, og sjølv om det minkar på snøen er det frost og glatte vegar kvar morgon. I går var me i akebakken neste heile dagen og Sylvelin prøvde skiene. Dette er sjeldan kost i Baku, og skulane kunngjorde umiddelbart tre dagar vinterferie sist veke, til stor glede for Bjørnar som går i 3.klasse. Aserbajdsjan har rett nok mange kvitkledde fjell heile vinteren, men her ved kysten av Kaspihavet er det sjeldan frost. Og difor ligg for eksempel vassrøyra på utsida av husveggen. Ein vert fort vasslaus slike dagar. Men me har klart oss godt, og er velsigna med varmt hus. Det er det ikkje alle som har her i landet, og det er mange som har frose den siste veka. Når prisane på gass og elektrisitet vert fordobla utan at lønningane stig og det er like vanskeleg som før å finne arbeid, vert livet vanskeleg for mange. Oljerikdomane er det framleis berre ein liten elite som får del i.

Nokre lyspunkt er det likevel. I vinter er det varmare på barneheimen ved Merdekan der Birte-Helen jobbar. Det har føregått mykje rehabilitering der i haust og dei fysiske forholda er betre. Men for meir eller mindre funksjonshemma born er det ein trasig plass å vekse opp. Me ynskjer difor etter kvart prøve å snu vårt engasjement meir mot å hjelpe familiar å halde borna sine heime i staden for å sende dei på institusjon.

For flyktningane her i landet har ikkje situasjonen endra seg mykje. Dei bur år etter år i skrøpelege hybelhus eller det som verre er. Vårt arbeid blant internflyktningane er fokusert på hjelp til å sjølve ta tak i nærmiljøet sitt og å skape fellestiltak som kan betre situasjonen for born og vaksne. For tida jobbar me i eit hus med 35 familiar. Til nyår arrangerte dei ein flott nyttårsfest, der heile familien vår vart invitert. Borna framførte songar, dans og sketsjar, og julenissen var med.



Denne hausten har Arne reist regelmessig til landsbyen Nich, til udinarane, for å følgje opp nokre prosjekt der. Det har også gitt han ein god anleding til å bruke meir tid med nokre familiar der. Restaureringa av kyrkja held fram, og dei ser fram til at den skal bli ferdig og gjenopnast 1. påskedag. Det vert ein stor dag, og me ber om at udinarane kan få sjå at ei levande kyrkje veks fram i landsbyen. Og det er dette store arbeide som gjenstår!

Som familie har me etter kvar slått litt rot her i millionbyen og har ikkje dei same abstinensane om å komme oss ut i "frisk luft" kvar helg. Søndagane bruker me ofte å samlast med vener og deler spanande forteljingar frå Bibelen. Me har prøvd oss på historieforteljing i standen for å lese. Det er ein spanande måte å dele ordet på, men også ei stor utfordring for språket! Dersom du ber, kan du godt huske på desse samlingane.

*Helsing Arne Johan, Birte-Helen,*
*Bjørnar, Sylvelin og Ingrid*



## ØyNytt-rosa



Går denne gongen til JARLE DALE. Tilsette på Tednebakkane er imponert over arbeidet han gjer i tillegg til vaktmeisterjobben. Han går til dei gamle seint og tidleg. Alltid ja i hans munn og positiv. Ein person av dei sjeldne, som ikkje går etter klokka.
Frå kyrkjekontoret si side takkar vi også for den store innsatsen han gjer for eldretreffa i Blomvåg.
TUSEN TAKK!

# Støttekontakt/ Besøksheim

Øygarden Kommune, barneverntenesta, treng støttekontaktar og besøksheimar for barn og unge med ulike behov.
Vi ønskjer å kome i kontakt med deg som har tid og anledning å vere eit godt medmenneske, for ein eller fleire av desse barna.
Du vil få rettleiing på <u>kva</u> område barnet treng oppfølging, og <u>korleis</u> du kan vere til hjelp og støtte.

**<u>Støttekontaktar:</u>**
Avtalar vanlegvis å møte barnet 1-2 ettermiddagar i veka.
Møtene kan ta utgangspunkt i hobbyaktivitetar, sport/kulturliv, friluftsliv, leksehjelp m.m.

**<u>Besøksheimar:</u>**
Har barn buande hjå seg 1-2 helger i månaden.
Du må tilby eit trygt og forutsigbart familieliv og barnet må få positive opplevingar.

Alle som utfører oppdrag for barneverntenesta må vere myndig og må framlegge politiattest av nyare dato.
Avtalt arbeide vert godtgjort etter faste satsar. Avtalar har ein månads gjensidig oppseiing.

For meir informasjon kontakt:
Øygarden Kommune
Helse- og Levekår for barn og unge
Jensvardvegen
5336 Tjeldstø
tlf. 56 38 20 00

# Lyd og musikk i samspel

Velkommen til eit nytt og spennande prosjekt i Hjelme og Blomvåg kyrkjer.
"Lyd og musikk i samspel" har som mål å samle saman ungdom til speling i band og lydteknikk, til bruk i kyrkjene. Kriteria for å vere med, er at du må kunne beherske instrumentet ditt på eit høgare nivå enn nybegynnarstadiet. Dette vil ikkje gjelde i like stor grad for lydteknikk, men litt teknisk innsikt vil vere til god hjelp. Ellers er kurset gratis, men det vil bli forventa at dei som er med, skal delta på nokre gudstenester i semesteret.

Instruktør for dette kurset er Vegard Voldsund. Han er av Fellesrådet tilsett i ein 40% prosjektstilling, i første omgang for eitt år, for å ta seg av denne opplæringa. Vegard vil også sjølv ta del på ein del gudstenester saman med andre musikarar.

**Kva må ein ta med av eige utstyr?**
For dei som spelar tromme, bass og gitar, vil det stå trommesett og forsterkarar i begge kyrkjene. Det vil sei at trommestikker og gitarar må ein stille med sjølv. Dei som spelar piano brukar det som er i kyrkjene.

I begge kyrkjene vil det i løpet av februar bli installert nye lydanlegg, noko som betyr at dei som blir med på lydteknikk vil få opplæring på eit nytt og utfordrande utstyr.

No vonar vi mange melder seg til å vere med i dette prosjektet, - både lydteknikarar, musikarar og (for)songarar. Det er laga ein eigen brosjyre som vert lagt ut i kyrkjene, eller du kan få han på kyrkjekontoret.
Ta kontakt med kyrkjekontoret på mail: kontor@kyrkja.net eller tlf. 5638 2240 innan 24. februar!



*Vegard Voldsund*


vestbok
Pb. 2003 Vetrlidsallmenningen, 5828 Bergen

Eit utval bøker og CD-ar finn du på kyrkjekontoret i Øygarden.
**Nettbutikk: www.vestbok.no**


## Ny beredskapsordning for kyrkja

Dersom ein ikkje kjem fram til vakttelefonen, **5638 2244**, lokalt her i Øygarden, kan ein ringja "prostivakta". I tidsrommet 17.00 – 08.00 på kvardagar, og i helgane/høgtidene heile døgeret, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet.
**Nummeret er 954 83 655.**
***Dette gjeld berre tenester som ikkje kan venta***, slik som dødsbod, soknebod for døyande og støtte i kritiske situasjonar.

# ONSDAG = BARNELAGSDAG

**Annankvar onsdag er mange barn i Øygarden på barnelag i enten Vik, Blom eller Oen bedehus. På Vik bedehus deler gutteforeninga "Gutten" og Vik barnelag (jenteforeninga) onsdagane mellom seg. Dei fyller loftet med hobby- og snikkaraktivitetar.**



*Glade gutar på "Gutten"!*

Barnelaget Blink heldt til i bedehuskjellaren på Blom bedehus. Her òg vert det laga mykje fint til barnelagsbasaren som i år vert tirsdag 21.mars.
I Oen bedehus er storsalen ominnreia til Onsdagsklubb – bruk. Før jul var det fleire spanande julepakker som vart pakka inn her…..
Felles for alle barnelaga er at dei har samling om Jesus og misjonen. Jesus er hovudpersonen på samlingane. Vi syng om han, og høyrer forteljingar frå Bibelen.
Har du lysst å gå på barnelag ? Du er hjarteleg velkomen.
Under finn du ei liste over tidspunkt og kontaktpersonar
**"Gutten", Vik bedehus:** Annankvar onsdag frå 25.jan.
Kontaktperson: Ragnhild Martinussen 56 38 76 04
**Vik Barnelag:** Motsette veker enn "Gutten"
Kontaktperson: Marianne Dåvøy 56 38 87 95
**Barnelaget Blink:** Annankvar onsdag frå 18.jan
Kontaktperson: Magnhild Drange / Bjørg Blom 56 38 73 69
**Onsdagsklubben;** Oen bedehus: Annankvar onsdag frå 18.jan
Kontaktperson: Else Rossnes 56 38 71 98



*Gevinstane er snart klare*

# No er det snart 5.klasse - leir !!!!

**10.- 12. mars står Skjergardsheimen klar til å ta imot 5.klassingar frå heile kommunen. Då er det endeleg leir igjen. Tema for denne leiren vert "Bibelen", og det viktigaste du har med deg på denne leiren er akkurat denne boka som du fekk i haust.**
Dessutan skal vi ha leirkveld, sporleik og mykje anna kjekt som vanleg.
Gler meg til å sjå deg! Kari



*Gjengen frå i fjor i gang med sporleik.*

# Ny barneveka på gang

3, 4. og 5.april vert det på nytt arrangert barneveka i Nordre Øygarden. Me satsar stort etter suksessen i fjor der bedehuset på Nautnes var sprengfullt med barn og vaksne. Me kjem tilbake med nærare opplysningar om kva som kjem til å skje desse dagane. Det einaste me veit er at misjonsklovnane og resten av NLM - teamet allereie har sagt at dei kjem, og at eittåringane Anne Marta og Marie frå Indremisjonen kjem med Ludobilen sin.



*Vi ser fram mot nye kjekke samlingar!*

# Bibelkonkurranse:

Test bibelkunnskapane dine med Øynytt. Svarer du rett på alle spørsmåla ventar det deg ein spanande premie.
Øvre aldersgrense: 7.klasse
Me trekkjer ut den heldige vinnaren på 5.klasseleiren, 10. – 12. mars.
Riktig svar sender du til Kyrkjekontoret v/Kari Skår, boks 144, 5331 Rong
eller bua@kyrkja.net. Hugs å skriva på namn, adresse og telefonnr.




1. *Kor mange bøker er det i Bibelen ?*
2. *Kva tyder forkortingane GT og NT?*
3. *I kva bok, kapittel og vers finn vi " Den vesle Bibelen"?*
4. *I GT finn du to bøker som har navn etter to unge damer. Kva bøker er det?*
5. *Kva står forkortinga "Gal" for ?*

# Utført vedlikehaldsarbeid i kyrkjene

Det har vore utført omfattande innvendig arbeid både i Hjelme og Blomvåg kyrkjer på nyåret.
I Hjelme har vi m.a. seinka lysarmaturen, malt murveggane og deler av taket i hovudskipet. Dette har ført til betre akustiske forhold og ikkje minst betre lys i benkane.

I Blomvåg har vi m.a. innreia rom på galleri til bruk i barne- og ungdomsarbeidet og fått rullestolrampe opp til altaret. Ta gjerne "Kyrkjeloftet" i augesyn neste gong du går i kyrkja!

I nærast framtid vil vi også få på plass nytt lydanlegg i begge kyrkjene, slik at tale, korsong og band får betre vilkår.

*Velkommen til våre "nye" kyrkjer!*



*Hjelme kyrkje under oppussing*

## M Ø T E O V E R S I K T for NLM og Øygarden IM

**Februar:**
- **Søndag 5/2 Kl.16:30 – Familiemøte** Vik bedehus – NLM
- **Tysdag 7/2 Kl.19:30 – NOREA jubileumsmøte** Blom bedehus (Pet Karlsen og Britt Kari Urdal)
- **Tysdag 14/2 Kl.19:30 – Vik bedehus** – NLM
- **Tysdag 21/2 Kl.19:30** – **Blom bedehus** (Harald Breistein) **Årsmøte NLM kl.18:00**
- **Onsdag, torsdag og fredag 22-24/2** Kl. 19:30 Betania (Blomv. vest) (Arne Thoresen) IMF
- **Laurdag og søndag 25-26/2 kl.18:00** Blom bedehus (Arne Thoresen) IMF
- **Tysdag 28/2 Kl.19:30** – Vik bedehus NLM

**Mars:**
- **Tysdag 7/3 Kl.19:00** – Inspirasjonsmøte Blom bedehus – NLM (leiarar for lag og foreningar i NLM er spesielt inviterte.
- **Laurdag 11/3 Kl. 17:00** Svellingen **basar** (Reidun Skurtveit IMF
- **Tysdag 14/3 Kl.19:30** Vik bedehus
- **Torsdag og Fredag 16-17/3 Kl. 19:30** Oen bedehus (Leif Nesheim) IMF
- **Laurdag og søndag 18-19/3 Kl. 18:00** Tjeldstø bedehus (Leif Nesheim) IMF
- **Tysdag 21/3 Kl.18:00 Barnelagsbasar** Blom bedehus – NLM
- **Søndag 26/3 Kl.11:00** Vik bedehus – NLM
- **Tysdag, onsdag og torsdag 28-30/3** Kl.19:30 Hjelme kyrkje – NLM (Oddvar Risøy)
- **Fredag, laurdag og søndag 31/3-2/4 Tema: MISJON** Vik bedehus - NLM

**April:**
- **Tysdag 4/4 Kl.19:30** – Blom bedehus NLM
- **Måndag, tysdag og onsdag 3-5/4 Kl.17:00 Barneveke** Nautnes bedehus – IMF
- **Skjærtorsdag 13/4 Kl. 11:00 Påskefrukost og familiemøte** Vik bedehus – NLM
- **Fredag 21/4 Kl. 19:30 –** Rong bedehus (Asle Hetlebakke) IMF.
  **Årsmøte Øygarden indremisjon kl. 18:00**
- **Laurdag og søndag 22-23/4 Kl. 18:00** Rong bedehus (Asle Hetlebakke) IMF
- **Tysdag 25/4 Kl.19:30 Vik bedehus** - NLM

**Mai:**
- **Tysdag 2/5 Kl.19:30 Blom bedehus** – NLM
- **9-15/5** Kl. 19:30 **laurdag og søndagar kl. 18:00** Vik bedehus (Audun Hjellvik) IMF
- **Tysdag 9/5 Kl.19:30 Vik bedehus** – IMF
- **Tysdag 23//5 Kl.19:30 Blom bedehus** – NLM
- **Fredag, laurdag og søndag 26-28/5 Kretsmøte** Sygna VGS i Sogn – NLM
- Tysdag 30/5 Kl.19:30 Vik bedehus - NLM

**Juni:**
- Søndag 4/6 Kl.11:00 Vik bedehus – NLM
- Tysdag 6/6 Kl.19:00 **bedehusbasar** Betania bedehus (Blomv. Vest) (Asle Hetlebakke) – IMF
- Tysdag 13/6 Kl.19:30 Vik bedehus – NLM
- Generalforsamling og UL på Askøy - NLM

SparebankenVest
- satser på Vestlandet

Vi tilbyr ferdige middagsrettar
og nysteikte bakervarer
TH HELLESØY
TLF.: 56 35 71 40 • 5331 RONG

RONGEBUA
• Stor jernvare
• Interiørvareavdeling

Mange gode tilbud
Kom innom for ein hyggeleg handel
Mand-fred 10-18
Lørd 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99
KLEOPATRA
Gave & Interiør
RONG SENTER

TIMEBESTILLING 56 38 73 90
ANITA SALONGEN
KMS
RONG SENTER

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat
KYSTEN RUNDT
Rong Kafe a/s
Telefon 56 38 74 54
Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

Bli brun selv om det regner
Ønsker du å leie sol hjem?
Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel
eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert
Sotra og Øygarden
Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.
BPS
Solutleie v/Arvid Rong
56 38 74 54 / 56 38 73 22

NYHET!
Ionic - Detox™ MK2
ØYGARDEN HUD
& KROPPSPLEIE
Rong senter • 56 38 95 15
• Forbedrer helsen
• Gir energi
• Bedrer fordøyelsen
• Bedrer pusten også ved astmaproblemer
• Hjelper lever/nyrer
• Motvirker stress
• Bedrer søvnvanene
• Psoriasis / Hudproblemer
• Gir bedre blodsirkulasjon

TORSVIK
ELEKTRISKE AS
Torsteinsvik - 5337 RONG
Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning
Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon 922 34 062
www.torsteinsvik.no

Butikken har blitt mye større, med
stort utvalg av godbiter fra vårt kjøkken.
* Moderne bilverksted m/EU-kontoll
* Reperasjon av alle bilmerker
* Moderne vaskehall
Hydro Texaco
MECA
BLOM
SERVICESENTER AS
5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

øygarden
elektriske as
aut. elektroinnstallatør
Tlf. 56 38 94 24
Mobil: 928 41 790
E-mail: post@oygarden-elektriske.no

DALEKLETTEN
5337 RONG
TLF.: 56 38 87 32
FAKS: 56 38 87 32
MOBIL: 91 16 83 75
TORSVIK MUR
VIDAR VIK TORSVIK
MURMESTER
Alt i mur-, puss- og flisarbeid
-fagkunnskap gir trygghet.

Harkestad
Betong AS
Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70
Betong og betongprodukter
Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ

Malvin
Harkestad
& Sønner AS
Alt i grunn- og betongarbeid
Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

# Samarbeid kyrkje - misjon

***Team, barnearbeidar, representantar for NLM, Im og kyrkja var 23. januar samla for å evaluere hausten og for å planlegge arbeidet framover.***

Av Rannveig Vestbøstad Vik

Denne gjengen samlast til samråding to gongar i semesteret for å drøfte barne- og ungdomsarbeidet i Øygarden! Eit sentralt tema denne gongen var det utfordrande og meiningsfulle *leirarbeidet* vi får vere med på. Leirar for barn og unge er noko av det viktigaste vi gjer – og vi vil og i framtida bruke mykje ressursar på å få til gode leirar!
Ei utfordring til fleire aktørar vart drøfta: Korleis kan barne- og ungdomsarbeidarane frå Misjonsambandet og Indremisjonen verte meir synlege for dei som er aktive i organisasjonsarbeidet lokalt i Øygarden? Når vi kjenner kvarandre og veit om våre felles utfordringar og vår felles teneste, er det lettare å inspirere og støtte kvarandre, - både praktisk og gjennom det å be for kvarandre.



*Biletet viser deltakarar på samrådingsmøtet på kyrkjekontoret 23. januar.*
***Frå venstre: Ann-Elin Dyrøy NLM, Harald Breistein NLM, team-medlemmane; Andreas Evensen, Øyvind A. Fosse, Herborg Kari Bondevik og Marita Hatløy, Rannveig Vestbøstad Vik, kyrkjelydspedagog, Kari Skår, barnearbeidar og Asle Hetlebakke, Nordhordland Indremisjon.***

## Ny bok i minibokhandelen




Presten, emissæren og generalsækretæren Anfin Skaaheim er kjend for mange også i Øygarden. No har han gjeve ut ei bok med glimt frå livet sitt, først og framst levande historiar i møte med menneske. Forfattaren er godt kjend for sin underfundige forteljarstil. I denne uhøgtidelege "biografien" tek han oss med inn i situasjonar, som i tillegg til å mora oss, viser oss fleire sider av predikantlivet. "Vi lærer meir av livets alvor når vi ler!"
*Anfin Skaaheim: Det største er at vi får være friske. Luther forlag. Til sals på kyrkjekontoret for kr 178,-.*


## KINA - NÆRARE ENN DU TRUR!

Bli med på ein 9-dagars Kinatur frå 2. til 10. november 2006 med hovudstaden Beijing som utgangspunkt!
No er det din tur til å oppleva ny og gamal historie i denne fantastiske byen, sentrum i den mest folkerike nasjonen i verda.



Under heile turen blir det bustad på eit 5-stjerners hotell i sentrum av byen.
Pris kr 12.380, alt inkludert.
Interessert i program?

REISEGARANTIFONDET RGF -rgf.no-

Ta kontakt med reiseleiar
**Odd N. Thormodsæter,**
**tlf. 56 38 22 43/990 16 616.**
**Teknisk operatør er :**

**SABRA CHINA TRAVEL**


## Reinhaldaren vår



***Annakvar dag kjem ho med reingjeringstralla si og gjer det så reint og triveleg for oss alle på kyrkjekontoret. Takk til Bee Andersen for vel utført arbeid!***

# Flåten & Sæle TRADING

## Vi har alt til hagen din!

- Sommerplanter
- Stauder
- Busker
- Trær
- Fine hagefigurer
- Plantejord
- Jordforbedring
- Dekkbark
- Gjødsel for plen og bedd
- Spon(strø) for kompostering og for fjøsdrift

Vi held til på Kvalstasjonen i Blomvågen
Ved større kjøp kan varene leveres fritt.
Ta kontakt pr. tlf. 56 38 93 05 eller kom innom.
Flåten 93 23 23 40 - Sæle 93 23 23 48

**www.fs-trading.no**

e-post: post@fs-trading.no



# Din totalleverandør i Øygarden

ØYGARDEN BYGGSENTER

TH BHAS BYGG

ØYGARDEN BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09
Adr. Pålsneset, 5337 Rong
www.th-bygg.no



**Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø**

Har lokale til ca 100 personar. Arrangerer byllaup, konfirmasjonar og andre tilstellingar.

Kan levera mat til alle anledningar. Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380



**Inderøy Taxi & Transport**

1 - 11 passasjerer
Rullestol

Telefon: 56 38 77 73
Mobil: 90 59 90 59



BERGEN OG OMEGN
**BEGRAVELSEHJELP**



K.H. Polden Tlf. 56 33 45 88 — Tom Wilson Tlf. 55 18 50 80

Teatergt. 20, 5010 Bergen
Tlf. 55 21 44 50
Mobil 917 51 700
- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

Vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.



**Rossnes Taxi**

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på
tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634



*Åsane Begravelsesbyrå AS*
v/Johannes Blom
Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000



# Gravminner

**Leveres ferdig montert med garanti.**
**Be om katalog og pris.**
**Skrifthugging og oppussing utføres.**



Bjørn Solheimslid
5336 TJELDSTØ
Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



*Solstrands Begravelsesbyrå*

Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
E-post: post@solstrands.no
*Vår erfaring - din trygghet*

## GUDSTENESTER

**19. feb** **Blomvåg kyrkje 12:00** Fam.messe v/H.Unneland. Offer til kyrkjelydsarb. Nattverd. Høve til dåp.
**26. feb** **Hjelme kyrkje 11:00** Høgmesse v/Svenn Martinsen. Offer til NLA Nattverd
**05 .mars** **Blomvåg kyrkje 12:00** Fam.messe v/ Svenn Martinsen. Offer til Bergen søndagsskulekrets. Song av Øygarden Gospel. Nattverd.
**12. mars** **Hjelme kyrkje 11:00** Fam.gudsteneste v/H. Unneland. 5. klassse leiren deltek. Offer til KRIK. Høve til dåp
**19. mars** **Blomvåg kyrkje 11:00** Høgmesse v/Svenn Martinsen. Offer til Kirkens Nødhjelp. Nattverd. Høve til dåp
**26. mars** **Hjelme kyrkje 16:00** Fam.gudsteneste v/Svenn Martinsen. Avslutning for dåpsskulen. Utdeling til 2, 4 og 5 åringar. Sang av Jubelkoret. Besøk av generalsekretær Geir Magnus Nyborg. Offer til Familie og medier.
**02. april** **Blomvåg kyrkje 12:00** Familiemesse v/Svenn Martinsen. Besøk frå NLM som held preika denne dagen. Offer til NLM. Nattverd
**09. april** **Hjelme kyrkje 11:00** Familiemesse v/Svenn Martinsen. Offer til Normisjon. Nattverd

## TIL LUKKE

### *70 ÅR:*
23.02. Gunni Nelborg Svellingen, Hellesøy
18.03. Sigmund Karlsen, Hatten
20.03. Rasmus Knut Herdlevær, Herdlevær

### *80ÅR:*
12.03. Paul Annanias Gjesholm, Alvheim
23.03. Johan Martin Berland, Heggøy

### *85 ÅR:*
21.03. Kristine Dåvøy, Harkestad


Korleis har du det…
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

Kirkens SOS

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST


## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### Døypte
**Blomvåg:**
Amalie Louise Misje Torsvik, Torsvik (Fjell kyrkje)
Lukas Ivan Andersen, Oen
Rebekka Stensrud, Toft (Sund kyrkje)
Jakob Romarheim Vik, Knappen
**Hjelme:**
Matias Landro- Fosse, Sture (Landro kyrkje)
Jørgen Bertin Nakken, Rong
Emma Wolff Harkestad, Ådnevika
Philip Leander Rommetveit, Ådnevika

### Døde:
**Blomvåg:**
Asbjørn Malvin Dale,
Ovidia Konstanse Toftevåg, Rossnes
Sverre Rong, Rong
Martin Kristoffer Torsvik, Tednebakkane
Olav Andreas Torsvik, Torsvik
Ivar Bertin Blom, Blom
Hanne Strandheim, Rong
Ingebjørg Oen, Bergen
**Hjelme:**
Margit Marie Sture, Tednebakkane
Ester Karlsen, Bergen
Sølvi Bakken, Bergen

## TAKK

**Takkeannonsar**
Hjarteleg takk for gåver, blomar og telefonar på 80års-dagen min.
Helsing Malvin Harkestad

Hjarteleg takk for deltaking og blomsterhelsingar ved vår far, Martin Kristoffer Torsvik, sin bortgang og gravferd.
Takk og til Tednebakkane Omsorgsenter, post 2 og 8, for god pleie og omsorg.
Anton og Normann m/familie
Magne

Hjarteleg takk for deltaking og blomsterhelsingar ved våre kjære mor, Margit Sture, sin bortgang og gravferd.
Takk og til Tednebakkane omsorgsenter, post 8 og 9, for god pleie og omsorg.
John, Bjørn og Martha m/ familie

## Hørselkontroll
Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.

Returadresse:
ØYNYTT
Boks 144
5331 RONG

# Bandy, brus og bønn

***Klokka er passert sju med fem minutt. Døren til gymsalen på Toftøy skule går opp og to gutter i 15-årene entrer heseblesende gymsalen.***
***- Det e jo kjempemange her! Utbryter den ene og hiver på seg treningsbukse og joggesko.***

Tekst og foto: Leif Gunnar Vik

Det er Kristen Idrettskontakt(KRIK) som har sin ukentlige gymøkt i Øygarden. 25 jenter og gutter i tenårene vrimler rundt i salen. Ikke alle er like opptatt av ball og muskler. Fire jenter har funnet hverandre på scenekanten og dingler med beina.

## Finsk oppvarming

- Alle vennene mine er her. Derfor kommer jeg her hver fredag når jeg kan, sier Iselin Toft(snart15). Hun varmer opp ved å svinge seg i noen ringer som henger ned fra taket.
- Jeg liker å spille fotball, volleyball og innebandy, sier hun og smiler til Veronica Helen Dåvøy(15) som også bruker ringene til å få varmen i seg.
- Jeg har vært med i ett år, sier Veronica. Før hun får sagt mer blir hun avbrutt av en myndig gutt ikledd en profesjonell fotballdrakt. Han kommanderer alle inn til veggen.
- Vi skal visst spille finsk kanonball, sier hun og stiller seg inn i rekken sammen med de andre.

## Liker fellesskapet

- En Mentos og en cola blir 25 kroner. Steinar Konrad Blom(15) ekspederer en godtesyk jente som har tatt seg en pause fra den eksotiske kanonballen. En halv time er gått av treningen og han har allerede blitt av med fem brus og noen sjokoladepakker.
- Jeg er kasserer i KRIK og har derfor ansvaret for å selge snop under treningene. Men jeg har jo også lyst til å spille litt, så vi får vel bytte litt på det etter hvert.
Steinar har tre eldre søsken som har vært med i KRIK og sa derfor ja til å bli med i styret for tre år siden. Det angrer han ikke på.
- Jeg er jo kristen og liker å trene, så da kunne jeg jo ikke si nei. Det kjekkeste med dette er det gode fellesskapet.

## Ny giv

Mens Steinar har pratet seg varm har kanonballen blitt avløst med innebandy nede på parketten. Tenåringene har bare en time på seg, for klokka halv ni er det timeout og andakt for de svette kroppene.
- Det er kjempegøy at vi er så mange på trening. For to år siden gikk det litt trått. Da var vi bare en tredjedel av de vi er i dag, fortsetter Steinar, men blir avbrutt av en kunde som klager på dyre priser.
- Vi tjener tre kroner per brus vi selger. Pengene går til å kjøpe inn baller og annet utstyr som da kommer ungdommene til gode. Så du har ingen ting å klage på, svarer Steinar bestemt og vinker på avløsning.







*Innebandy er en av de populære aktivitetene når Kristen Idrettskontakt inviterer til trening hver fredag på Toftøy skule.*



*Steinar Konrad Blom selger snop som varme hvetebrød til svette tenåringer under trenings-økten.*